



Oppland

Referat frå

Styremøte fredag 29. November 2024

På Teams.

Tilstades: Borgny, Ingrid, Margaret, Anne Grete, Kjersti og Ingerid (ref)

28/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader. Godkjent!

29/24 Godkjenning av referat frå førre møte

Ingen merknader. Godkjent!

30/24 Runden i Oppland

Kvar og ein i styret melder tilbake om den kontakten ein har hatt med «sine» lag. Hovudintrykket er at laga har stor og god aktivitet med ulike arrangement knytta mot advent og jul. Det handlar om baking, julekransar, julemarknadar og julebord. Laga har også gjennom hausten hatt arrangement knytta til Nøysom og turar. Årsmøta er gjennomført i dei fleste laga og nokre lag har invitert kontaktperson frå distriktsstyret til å vera med der.

Tiltak som blei spesielt fokus på i dette møtet:

- Gran bygdekvinnelag som har gjeve ein raus pengesum til skulekjøkkenet, og også hatt kurs for ungane der.
- Østre Toten som har hatt kurs med tema mjølk. Har laga ost, klappekake og smør med barneskulane.
- Torpa og Nordre Land som skal gå i bunadstog 6. des, for å støtte opp om den lokale vidaregåande skulen på Dokka som er nedleggingstrua.
- Jubileum i Østre Slidre i 2025
- Ulness bygdekvinnelag som har julebord for alle over 60 i bygda si.

Styret ynskjer å ha god kontakt med laga. Vi minnar kvarandre om å oppdatere evt nye namn på leddarar i styra. Margaret har god erfaring med å lage ei messengergruppe for å dele informasjon mellom laga og distriktsleddet.

31/24

Årsmøte 2025 – 8.-9.mars på Honne

- Informasjon om dato og stad må gjevast så fort som råd. Kvar av oss i styret gjev rask beskjed til våre lag.
- Valgkomiteen er sett i gang. Dei blir invitert med på møtet vi skal ha i januar. Torunn frå Biri og Anne Terningen frå Nordre Land er med i valgkomite.
- Positivpris skal delast ut på årsmøtet. Distriktsstyret må drøfte kven som skal få denne.
- Påmelding til årsmøtet skal sendast til e-postadressa til distriktslaget. Ingrid nestledar tek ansvar for å halde kontroll med dette.
- Aktuelt tema på årsmøtet Nøysom. Borgny har søkt om midlar.
- Underhaldning på årsmøtet: Ingerid sekretær prøvar å finna noko høveleg.
- Innledarar: Vi har idear om å finne lokale folk som kan vera aktuelle.

Borgny sender ut informasjon om årsmøtet til laga.

32/24

Brev frå Vestre Toten BK

Vi har teke imot brev frå medlemmar i Vestre Toten bygdekvinnelag. Brevet er lest og sendt svar på.

Slik vi forstår brevet, så blir det formidla eit ynskje om meir informasjon og tettare kontakt. Distriktstyret ynskjer å jobba vidare med å vera eit godt bindeledd til kvart lag gjennom leidar. Vi håpar også å vera bindeledd mellom dei ulike laga, dersom idear eller arrangement kan gleda fleire lag.

33/24

Kva ynskjer vi skal skje framover?

-Nøysom

Distriktslaget vil arrangere åpne kurs: - «Dyrk sjølv» og «Fermentering».

Distriktslaget prøver også å få til eit kurs som handlar om reparasjon gjennom å å sy og stoppe. Dette blir mest sannsynleg eit samarbeid med Gausdal Husflidslag.

-Teamsmøter

Vi har vore i kontakt med Bistands og utviklingsminister Anne Beathe Tvinningreim. Ho har lova å vera med på eit teamsmøte i løpet av januar.

Temamøte for medlemmer som handlar om korleis vi kan få inn stoff i lokale aviser. Kanskje får vi med oss journalist frå «Dølen» som kan tematisere og lære oss noko lurt.

-Kreftforeninga

Det er gjort endringar når det gjeld innsamling. Heretter vil all innsamling skje på vipps. Ingen bøsser. Dette er bestemt sentralt. Likevel ein viktig aksjon.

Nytt møte: 18.januar frå 10 til 15 på Lillehammer på bondelagets kontor.